

PROTOKOLL NAMNEKOMITEEN

Dato: Fredag 12. mai 2023
Til stades: Oddveig Øien Ørvoll, Winfried Dallmann, Anne Urset,
Per Kyrre Reymert og Ivar Stokkeland
Referent: Stokkeland

Sak 443: Forslag om namneendringar på Edgeøya

Behandling av sak utsett frå førre møtet.

Antirasistisk Front foreslår at Negerpynten, Negerdalen og Negerfjellet blir omdøpte til Svartpynten, Svartdalen og Svartfjellet. Dei viser til at neger i dag blir rekna som eit rasistisk ord og referer til anbefalingar frå Språkrådet om ikkje å bruka dette.

Leiinga ved Norsk Polarinstitut har vedteke:

«Ledergruppen ber navnekomiteen endre stedsnavn på Svalbard som har ordet 'neger/negro/negri' i seg. Navnekomiteen bes legge frem forslag til nye navn til behandling i Ledergruppemøtet 25.05.»

Saka har vekt interesse i massemedia og inneheld til dels aspekt som ligg utanfor vårt fagfelt.

Vi vil då gå tilbake til den eldste publiserte namneforma: De Swarten hoeck (Doedsz, kart frå 1620). Dette vil direkte omsett bli Svarthuken som nytt namn på Negerpynten. Huk tyder m.a. høgt nes, berg som stikk fram ved havet. Dette namnet kan så overførast til nærliggande dal og fjell.

Når det gjeld namnet Negribreen, er denne er oppkalla etter italienaren Baron Christoforo Negri (1809-1896) og skriv seg tilbake til 1800-talet.

Vedtak: Negerdalen, Negerfjellet og Negerpynten får nye namn: Svarthukdalen, Svarthukfjellet og Svarthuken.
